

ÅRSMELDING FOR MØRE OG ROMSDAL SV 2023

OG

EVALUERING AV VALKAMPEN 2023

Dette er dei strategiske områda som blir løfta fram i arbeidsplan for perioden 2022-25:

- Samordning av det politiske arbeidet mellom fylkeslaget, fylkestingsgruppa, folkevalte i kommunane og stortingsrepresentanten godt
- Bygge alliansar med fagrørsla og miljørørsla i fylket, samt andre interesseorganisasjonar vi deler syn med
- Profilere det politiske arbeidet på fylkesnivå og i kommunane meir systematisk
- Jobbe langsiktig med å bygge opp politiske profilar på alle nivå

I årsrapporten for 2023 vil vi seie noko om kvar vi står i høve til dei områda som er prioriterte i gjeldande arbeidsplan, samt oppsummere sentrale punkt og erfaringar frå valkampen vi gjennomførte dette året.

Tillitsvalgte og folkevalte

Fylkesstyret 2023

Bjørn Jacobsen (leiar)
Marit Aklestad (nestleiar)
Kirsti Fossgård
Cecilie F. Gaikonen
Gunnar Strøm
Leonhard Vårdal

SU har også ein representant i fylkesstyret, men har sjeldan hatt kapasitet til å møte.

Vara: Jan Drahos, Anne-Merete Varhaugvik, Katla Skeide

Andre tillitsvalte

Bjørn Jacobsen og Marit Aklestad er våre faste representantar i landsstyret.

Desse har vore politiske kontakter:

1. Internasjonal kontakt- Neal Robinson
2. Kvinnepolitisk kontakt- Line Karlsvik
3. Miljøpolitisk kontakt- Håvard Brendeland
4. Fagpolitisk kontakt- Siri Vik Bakken (frå 1. august)

SV har fleire nasjonale utval som er rådgivande organ for sentralstyret, landstyret og organisasjonen elles. Utvala er satt saman av SVarar frå heile landet med spesiell fagekspertise. Frå Møre og Romsdal har vi Ingrid Opedal som nestleiar i miljøpolitisk utval Gert Rietman i helsepolitisk nettverk og Oddrun Årflot i EU/EØS-utvalet.

Folkevalte

I valperioden 2019-2023 hadde Møre og Romsdal SV 38 kommunestyrerepresentantar og 3 fylkestingsrepresentantar. For valperioden 2023 -2027 har vi 43 kommunestyrerepresentantar og 3 fylkestingsrepresentantar.

Fylkessekretær

Møre og Romsdal SV fekk frå august 2022 eigen fylkessekretær i 50% fast stilling. Kari Gagnat er tilsett i stillinga. Fram til oktober 2023 var stillinga mellombels auka til 70%. For perioden 2022-2023 var det inngått ein avtale mellom fylkeslaget og SV sentralt og med fylkestingsgruppa rundt delfinansiering av stillinga. Fylkessekretæren har hatt kontor på Folkets Hus i Molde i kontorfellesskap med fag- og interesseorganisasjonar.

Gjennom det første heile året med fylkessekretær har det vore viktig å etablere system og rutiner for administrativ og økonomisk oppfølging av fylkeslaget. Vi er fortsatt i ein fase der vi prøver ut korleis fylkessekretærressursen best kan nyttast for å støtte opp under arbeidet i fylkesstyret, fylkestingsgruppa og ute i lokallaga våre, og slik realisere målsetnadane fastsett i arbeidsplana for Møre og Romsdal SV.

Organisatorisk

Fylkesårsmøte vart gjennomført 11.-12. februar 2023. Her møtte 41 delegatar og 13 observatørar/gjestar. Årsmøtet vedtok valprogram for Møre og Romsdal SV 2023-27 og fem uttaler.

Fylkesstyret har hatt sju møter i 2023. Styret har jobba med saker som

- Listestilling kommune- og fylkestingsvalet 2023
- Valkamp og valkamporganisering
- Oppfølging av medlemssituasjonen
- Planer for meir systematikk i organisasjonsarbeid
- Gjennomgang av talet på nettverk og politiske kontaktar på fylkesnivå
- Innspel til budsjettprosessar – statsbudsjett og fylkesbudsjett
- Samarbeidsavtale med Fagforbundet

Nominasjonsmøte og fylkestingsliste

Nominasjonsmøte for fylkestingsvalet vart gjennomført i samband med fylkesårsmøtet, 12. februar 2023. Øvste fem på fylkestingslista var:

1. Marit Aklestad, Ørsta
2. Yvonne Wold, Rauma
3. Anders Lindbeck, Ålesund
4. Line Karlsvik, Kristiansund
5. Håvard Brændeland, Kristiansund

SVs 25. ordinære landsmøte, 17.-19. mars 2023

Møre og Romsdal SV deltok på landsmøtet med 8 delegatar. Sentrale saker på landsmøtet var val av ny leiing i partiet, vedtak av nytt prinsippprogram og tryggingpolitisk uttale.

Overordna organisatoriske mål som er vedtatt i arbeidsplana:

*Fram mot vala i 2023 og 2025 vil vi utvikle **ein sterkare organisasjon** med fleire aktive medlemmar, fleire lokallag og fleire lister. Valkampane, inkludert opptrappinga til desse, blir viktige organisatoriske byggeperioder.*

*Vi skal **jobbe meir utadretta og inkludere fleire**. Det skal vere lett å finne ulike aktivitetar og arrangement for alle medlemmar, og vi skal ha tettare kontakt med innbyggjarar og organisasjonar, fagmiljø og næringsliv for å utvikle og få innspel til vår politikk. Vi skal få eit større mangfald blant våre tillitsvalde og folkvevalde, og det skal vere gjevande og sosialt å vere engasjert i SV.*

*Vi skal **utruste og skulere våre tillitsvalde og folkevalde** slik at dei er trygge i verva sine, er stødige på vår politikk, får bidra i politikkkutviklinga og beheld engasjementet i partiet over tid. Vi skal jobbe for at fleire får erfaring med verv og oppgåver for SV både lokalt og på fylkesnivå, og at fleire i Møre og Romsdal SV får erfaring med verv nasjonalt.*

RAPPORTERING PÅ MÅL OG TILTAK I ARBEIDSPLANA:

Medlemmar, rekruttering og bygging av lokallaga

1. Medlemsveksten skal halde fram, og vi skal bli 720 medlemmar ila 2023

Lokallaga sin aktivitet gjennom året og ikkje minst gjennom valkampen, ga SV auka synlegheit rundt om i fylket. Dette ga oss heile 53 fleire medlemmar enn året før!

Medlemsutvikling

2021: 730

2022: 667

2023: 720

Tilnærma alle medlemmar med ubetalt kontingent vart før årsskiftet kontakta av sitt lokallag og/eller av fylkessekretær, med forespørsel om dei fortsatt ønskte å vere medlem i SV. Dei fleste vart kontakta både på e-post og pr telefon.

2. Det skal vere lett å engasjere seg og finne ulike aktivitetar og arrangement for alle medlemmar

Dei fleste av lokallaga har arrangert opne møte med forskjellige aktuelle tema. Lokallaga har også vore arrangørar eller medarrangørar på forskjellige type merkedagar og aksjonar. Fleire lokallag har også lågterskelaktivitetar som kafetreff og turar.

Det verkar ambisiøst for oss å klare å drifte fleire nettverk på fylkesnivå. Fylkesstyret meiner difor at vi bør prioritere eit par fylkesvise nettverk og også ha færre politiske kontaktar på fylkesnivå. Aktiviteten vår må i størst mogleg grad rette seg mot heile medlemsmassen og foregå med utgangspunkt i lokallaga.

Vi må fortsatt bli flinkare til å koordinere og planlegge besøk frå sentrale politikarar og partileiinga til ulike aktivitetar og arrangement.

3) Vi har god erfaringsdeling mellom lokallaga der større/sterke lag bidreg til å byggje opp dei mindre/svakare laga

Digitale lokallagsleiarmøte har vore gjennomført i april, oktober og desember med godt oppmøte. Denne møteplassen bør utviklast vidare slik at vi oppnår enda meir erfaringsdeling lokallaga imellom. Fylkesstyremedlemmar og fylkestingspolitikarar har også delteke i lokallagsaktivitetar, som innleiarar og som deltakarar.

4) Stille lister i 3 fleire lokallag i 2023 enn i 2019 og aktivere sovande lag

Vi stilte lister i 18 av kommunane i fylket i 2023. Det var ei liste meir enn ved det forrige kommunevalet. Vi klarte ikkje å stille liste i Aukra ved dette valet, men klarte å stille nye lister i Haram og Tingvoll.

Fylkesstyret ser at det er eit langsiktig arbeid å få i gang sovande lag i kommunar med svakt medlemsgrunnlag og/eller få stifta lag i kommunar som ikkje har lokallag i dag.

Ved utgangen av 2023 har vi aktive lokallag i 19 av fylkets kommunar (auke på eit lag samanlikna med året før). Vårt nyaste lokallag er Tingvoll SV som hadde stiftingsmøte i april.

Folkevalde, tillitsvalde, nettverk og skulering

Våre folkevalde har god opplæring, og er trygge i SV sin politikk og si eiga rolle

Folkevalte har ei eiga nasjonal facebookgruppe der dei deler innlegg og idear til gode vedtak/spørsmål. Vi må arbeide vidare for å bygge eit godt nettverk mellom våre kandidatar lokalt, ikkje minst for å bidra til at dei små gruppene/einpersonsgruppene også opplever å ha støtte i det lokalpolitiske arbeidet.

SV sentralt satsa svært sterkt på kandidat- og folkevaltopplæring gjennom dette valåret.

- Kandidatsamling på Gardermoen, juni
- Folkevaltsamling i Oslo, oktober (5 deltok frå M&R)
- Ein stor mengde digitale skuleringstilbod

Vi ser at det er vanskeleg for våre kandidater/folkevalte å prioritere deltaking på nasjonale tiltak, som kandidatsamlingar, og vi bør sjå på korleis vi kan få til auka deltaking på nasjonale tilbod, samtidig som vi utviklar og tilbyr lokale lågterskeltilbod her i fylket.

Vi må også vere aktive og etterspørre tilbod vi ønsker og også gjennomføre i eige fylke. Eit døme på tiltak som nådde mange i 2023 var ein digital skuleringskveld med tema landbrukspolitikk, med Torgeir Knag Fylkesnes.

I 2023 gjennomførte vi valkamp-/kandidatsamling på Vestnes, laurdag 10. juni, med 40 deltakarar frå 15 av våre lokallag.

Målet for valkampsamlinga var å få styrka og spissa argumenta våre, bli betre kjent med partiet sine sentrale valkamplaner og dele informasjon med kvarandre om valkamplanene på fylkesnivå og lokalt.

Intern og ekstern kommunikasjon

1) God informasjonsflyt på tvers av lokallag, fylkeslag og til sentralt, der tillits- og folkevalde på lokalt plan er godt informert om kva som skjer nasjonalt og kjenner seg trygge på det som blir kommunisert ut

Vi vil fortsatte med lokallagsleiarmøta og utvikle denne arenaen vidare.

Vi har starta arbeidet med å utvikle eit årshjul for aktivitetane i fylkeslaget. Formålet med dette er å oppnå eit meir planmessig arbeid og at nye som får ansvar for ein aktivitet eller eit

tiltak, ikkje skal måtte «finne opp krutet på nytt». Vi vil i dialog med den nye gruppa av folkevalte i Møre og Romsdal, finne dei tiltak som dei ønsker for å sikre informasjonsflyten.

2) God arbeidsfordeling internt i fylkesstyret, og god informasjonsflyt mellom fylkesstyret, fylkestingsgruppa, sekretær og stortingsrepresentant

Gjennom 2023 har vi forsøkt å bruke fylkesstyremøta som treffpunkt, men vi ser fortsatt behovet for å styrke kontakten mellom fylkesstyret, fylkestingsgruppa, sekretær og stortingsrepresentant. Fylkesstyret vil i 2024 fortsatt arbeide for treffpunkt i samband med fylkesstyremøta.

3) Betre ekstern kommunikasjon og formidling

Vi ønsker fortsatt å auke aktiviteten og løfte innhaldet på sosiale media for få fram SV-standpunkt og for å aktivere og engasjere fleire. Også lesarinnlegg utanfor valkampen bør nyttast meir enn i dag.

Økonomi

Regnskapet viser eit underskot for 2023 på kr 319.650,-. Ved årsskiftet er egenkapitalen på kr 164.750,-. Det er normalt med underskot i eit valår, men det blir heilt avgjerande for fylkeslaget at vi klarer bygge opp igjen ein større reserve til komande valår, samtidig som vi har ressursar å sette inn i den kontinuerlege organisasjonsbygginga.

Vi ser at vi må ha større inntekter dersom vi skal kunne ha det driftsnivået vi har hatt i 2023, også i åra framover.

Politisk arbeid

I første del av 2023 fekk SVs landsmøte, med leierval og utvikling av partiets tryggingpolitiske politikk stor merksemd. Deretter tok valkamp i stor grad over. Det har vore jobba godt med mange viktige politiske saker i 2023, både i fylkesting, kommune- og bystyre. I mange av kommunestyra har det vore handsama større, krevande saker rundt arealdisponering både på land og i sjø, der SV har markert seg med ei tydeleg stemme på naturen si side.

Større nasjonale saker, som nærings-, kraft- og skattepolitikk har stått svært sentralt i Møre og Romsdal, både under valkampen og ellers i det offentlege ordskiftet. Vi ser at det kan vere utfordrande å nå ut i media, og å vere med på å sette dagsorden.

Valkamp 2023

Resultat oppslutning

Vi klarte å stille liste i ein kommune meir enn i 2019. I tillegg stilte vi fellesliste i lag med Raudt i ein kommune. Blant dei 18 kommunane vi stilte liste, gjekk vi fram i 9 kommunar, medan oppslutninga i ein kommune var uendra, i seks kommunar gjekk vi litt tilbake samanlikna med 2019.

Vi fekk inn kommunestyrerepresentantar i 17 av dei 18 kommunane vi stilte liste.

I fylkestingsvalet gjekk vi fram med 0,4% samanlikna med fylkestingsvalet i 2019. I tal inneber dette at om lag 500 fleire røysta SV ved dette fylkestingsvalet. Nasjonalt var SV det einaste av dei raudgrøne partia som fekk ein framgang, samla på 0,8%. Vi ser at vi i Møre og Romsdal fekk ein lågare oppslutning enn SV nasjonalt, og også at vi hadde ein mindre framgang.

I Rauma fekk SV eit fantastisk nytt tillitsvotum med 43.6% av røystene, etter å ha hatt våre eigen Yvonne Wold som ordførar i ein periode. Rauma var den norske kommunen med størst SV-oppslutning!

Resultat folkevalte

I fem kommunar fekk SV etter lokalvalet ei større gruppe, medan vi mista representant(-ar) i tre kommunar. Fylket sett under eitt oppnådde vi fem fleire kommunestyrerepresentantar, medan talet på fylkestingsrepresentantar er uendra.

Kommune	2019	2023	Endring
M&R	3	3	0
Aukra	1	0	-1
Averøy	1	1	0
Fjord	2	2	0
Gjemnes	1	2	1
Haram	0	1	1
Hustadvika	1	1	0
Kristiansund	1	2	1
Molde	8	5	-3
Rauma	7	12	5
Sula	2	1	-1
Sunndal	2	2	0
Surnadal	1	0	-1
Sykkylven	1	1	0
Tingvoll	0	1	1
Ulstein	1	1	0
Vestnes	2	2	0
Volda	3	4	1
Ørsta	2	3	1
Ålesund	2	2	0
	41	46	5

Valkamporganiseringa

Fylkestingslista vart valt og fylkesprogrammet vart vedtatt i første halvdel av februar 2023.

Vi satte ned ei valkampgruppe, som besto av dei øvste kandidatane, fylkessekretær og forespurte ressurspersonar. Vi gjennomførte valkampsamling i juni 2023.

Nasjonalt var det sentrale grepet organisering i regionteam, som innebar at kvart fylke, fekk eit team rundt seg med personar frå partikontoret og frå stortingssekretariatet. Dette teamet var i funksjon frå 1. august og fram til valdagen.

Læringspunkt

Etter at valet var gjennomført, har vi gjennomført ei spørreundersøking blant lokallaga, vi har hatt valkampevaluering som tema på eit lokallagsleiarmøte og fylkesstyret har drøfta læringspunkt. Under oppsummerer vi sentrale læringspunkt.

Tidlegare i gang:

- ✓ Vi kom for seint i gang med valkamparbeidet og med å gjere våre kandidatar kjente i fylket.
- ✓ Under den mest intense valkampen og i valkampinnspurten, ser vi at kampen om merksemd er svært sterk. For å kunne nå ut både med våre politiske saker og for å gjere våre kandidatar kjente, er det viktig å starte valkampen på våren og gjennomføre valkamputspel også gjennom vårhalvåret.

Betre struktur og organisering

- ✓ Våre valkampplaner bør vere meir konkrete og meir må bli førebudd i forkant. Dette gjeld både for arrangement og for kommunikasjon utad, t.d. innlegg (både i aviser og på sosiale media). Maler og forslag må vere klart i forkant og gjort tilgjengelege for fleire. Kalender over dei tiltak og arrangement som vi har regi på sjølve må vere klart tidleg på våren.
- ✓ Større arrangement der vi kan møte mange folk, t.d. Moldejazz og Dyregoddagane, må prioriterast av kandidatane.
- ✓ Vi må arbeide for å gjere fleire av våre fylkeskandidatar synlege.
- ✓ Vi ser at det er stort press på førstekandidatane, viktig med eit lag rundt førstekandidatane lokalt og at også andre av kandidatane bidrar under valkampen. Dette må konkretiserast i dei lokale valkampplanene og øvrige kandidatar må gis nødvendig informasjon og opplæring for å kunne bidra.
- ✓ Oppfølging av lokallaga i åra mellom val for å sikre at alle lokallag har økonomiske ressursar til å gjennomføre eit minimum av valkampaktivitet (materiell, distribusjon og delta på arrangement).

Lokale vs nasjonale saker – korleis betre løfte «våre» saker

I Møre og Romsdal fekk høgresida si fortelling / saker i stor grad dominere ordskiftet og valkampen. Våre kandidatar fekk ein stor mengde invitasjonar frå næringslivsorganisasjonar, medan det var færre utadretta arrangement i regi av til dømes fagorganisasjonar, miljøorganisasjonar og andre interesseorganisasjonar. Dette viser at vi må bli sterkare på å sette dagsorden sjø! Invitere til møter på tema som engasjerer og som synleggjer partipolitiske skillelinjer, som t.d. tap av natur.

Oppsummert

Møre og Romsdal SV går ut av 2023 med fleire medlemmar og med fleire kommunestyrerepresentantar enn i forrige periode. Vi har også fått eit nytt lokallag begge dei to siste åra. Nasjonalt opplever vi også stabilt høge meiningsmålingar.

Det er eit langsiktig og kontinuerleg arbeid å bygge organisasjonen og sørge for system og møteplassar som støtter opp under lokallaga sin organisatoriske og lokalpolitiske aktivitet. Partiet vårt skal vekse vidare og byggast nedanfrå. Gjennom planmessig arbeid skal vi utvikle ein enda sterkare organisasjon, som er meir utadretta og aktiviserer fleire, samtidig som vi støttar og skulerar våre folkevalte og tillitsvalte slik at dei kjenner seg trygge i verva sine.

SV skal bli eit folkeparti!